

Satsingsområda i Regnbogen Natur- og Kulturbarnehage

2024/2025

I Regnbogen er me mykje ute og me prøver å gjere mykje spanande kvar veke. Me går på tur i skogen vår, til hønene våre, til lavvoen og i nærmiljøet vårt. Uansett kva me gjer i barnehagen vår, så legg me stor vekt på å bruke språket vårt i alle situasjonar, me er språklege modellar for borna. Me snakkar om det me ser og opplever rundt oss i naturen, me vektlegg leiken og den betydinga den har for kvart enkelt barn si språkutvikling. Me veit og at høgtlesing og den gode samtalens under måltida er viktig.

Språk er kvart år hovudsatsinga i Regnbogen. Me som jobbar i Regnbogen veit kor viktig det er for borna si språkutvikling å ha deltagande og engasjerte vaksne for alle born i barnehagen. Gjennom lesing og dramatisering vil dei spanande eventyra våre vere gjennomgåande heile barnehageåret.

Etter å ha gjennomført kompetansepakka Trygt og godt barnehagemiljø i Udir.no, har me halde fram med kompetansepakka Leik i barnehagen. Me brukar planleggingsdagar og personalmøter på dette arbeidet.

Leik er borna sin eigen måte å lære og skape noko nytt på. Leiken legg grunnlaget for å utvikle kunnskap og ferdigheter. Å leike er ein måte å lære seg speleregler i livet på, samstundes som det er ei kjelde til glede.

Leken skal ha en sentral plass i barnehagen, og lekens egenverdi skal anerkjennes. Barnehagen skal gi gode vilkår for lek, vennskap og barnas egen kultur. Leken skal være en arena for barnas utvikling og læring, og for sosial og språklig samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typer lek både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom lek - alene og sammen med andre.

(Rammeplanen 3.0)

Det å vere ein god ven og ta vare på kvarandre er ein god eigenskap. Det å snakke fint til kvarandre, dele leiker, inkludere kvarandre i leik, sitje fint med bordet, spørje fint og høyre på kvarandre. Gjennom å vere gode rollemodellar er me medvitne om at borna ser kva me vaksne gjer og seier. Me jobbar difor mykje med korleis me snakkar til og møter kvarandre som vaksne i kvardagen.

Samisk kultur er ein del av den norske kulturen, noko me ynskjer å lære meir om.

I januar og februar "vil me ta turen nordover", til samane. Me vil lære om den tradisjonelle samiske kulturen, som levesett, mat, dyra deira, nasjonaldrakta, eventyra og kanskje lære ein song på samisk. Me feirar 6.februar, som er samane sin nasjonaldag, med ein stor fest.

Regnbogen vart sertifisert som miljøfyrtårnbedrift i 2012. Me har eit sterkt ynskje om at borna skal lære å ta vare på kloden vår. Frå dei er små Solskin-spirer til dei er tøffe miljøagentar som «store»-Stjerneskotar, snakkar me om å eta opp maten vår, slik at me slepp å kaste mat.» Me har og fokus på korleis avfallet skal sorterast, kvar me kastar batteri og kvar me pantar flasker. Me plukkar opp søppel i naturen og får kunnskap om kvifor det er viktig å ta vare på kloden vår.

FN sine mål for berekraft handlar om å ta vare på behova til alle menneska som lever i dag, utan å øydeleggje framtida for generasjonane som kjem etter oss. Berekraftsmåla reflekterer dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling: klima og miljø, økonomi og sosiale forhold. Det er aldri for tidleg å byrje å jobbe med eit så viktige bodskap! Me tar nokre av måla ned på barnehagenivå.

Me gler oss til å ta fatt på eit nytt barnehageår ❤

Årsplan er godkjent: Stad/dato

Leiar i SU, Karianne Gjeraker

Dagleg leiar Ingebjørg Bryn Høgheim og Ann Helen Grevle

.....